

Ja mannen, Audun, heidra med korpsmusikk i glasstova.

03.10.2018



Uskedal musikkklag vart tildelt glasstova som arena når jubilanten Audun Eik fylte 70 år i går.

**Tysdag 2. oktober var den store dagen for fødselsdagar i Uskedalen. Øystein Enæs og Britt Jorunn Arnesen runda 75 år, Audun Eik 70 år. Ikkje alle fekk eit musikkorps heim i stova slik Audun gjorde, men så er han kjend for å vera den fremste jamannen i bygda. I helsinga frå Uskedal Musikkklag kom det fram at Audun alltid er hjelksam og positiv, mannen som har tid til alle og til store og små prosjekt.**

Uskedal Musikkklag held fram den gode tradisjonen med å møta fram med korpsmusikk når medlemene har runde dagar. På Kjærland i går fekk korpset tildelt glasstova som arena for sin minikonsert. Bygdesongen Uskedalen, skiven av mor og far til Audun, til tonen Å, Vestland, Vestland vart sjølvsagt framført med tonefylgje av musikklaget.

Audun Eik kom med i Gutemusikken tidleg på 1960 talet. Det var den andre gutegjengen i gutemusikken som var klar for sine første framføringer i 1963. Audun har mest 50 års teneste i korps. I den tida han budde på Sandvoll og på Husnes spelte han i Husnes musikkklag. Elles har det berre vore Uskedalen. Audun Eik har traktert ulike instrument som trumpet, kornett, alt og baryton.

I samtaLEN rundt borda var det nokon som nemnde trøngen for sherpatrapper i Skaret i Eikedalen. Ja, det må bli neste prosjekt, sa jubilanten Audun Eik.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



70 års jubilanten fekk blomehelsing og gode ord med på vegen vidare i livet.